

2003

FOTBALLGRUPPA ✓

Styret har i meldingsåret vore:

| | |
|-----------------------|---------------------|
| Frank Skjerping | - leiar |
| Birthe L. Hatland | - nestleiar/skrivar |
| Tore Langeland | - kasserar |
| Britt Lillefosse | - matriell |
| Tore Magne Vevle | - anlegg/bane |
| Kari Solberg | - leiar sportsnemnd |
| Else Britt Kallekleiv | - leiar økonemnd |

Styret har hatt 11 styremøter og handsama 69 saker. Me hadde eit utvida styreseminar på Voss ei helg i februar. Leiar møter på styremøta til OIL. Medlemstalet er 252.

Me har hatt 19 lag denne sesongen og 5 av dei er samarbeidslag med FIL. Laga har i tillegg til serien deltatt i ein del cup'er; i Vestlandshallen, Bjørnar, Kiwi, BIF, Sognefjord, Lærdal, Brann, Nattcup i Vestlandshallen, Sandviks åpningscup, innendørscup i Nordhordalandshallen, Vareggs cup. Gutelaget hadde også denne sesongen ein vellykka tur til Danmark og var med i BIF-cup.

Her har vore eit godt sportsleg nivå på dei aldersbestemte laga.

A-laget har hatt ein vanskeleg sesong. Mange av dei faste spelarane har store delar av sesongen vore ute pga. skadar. Dette har gjort at stallen har vore liten og veldig sårbar. Alle heimekampane har vore spela på grasbana.

Det har vore vanskeleg å fått gjennomført trening og kampar pga. banesituasjonen. Kapasiteten har nesten vore sprengt. Dette har krevd enorm tålmodighet, fleksibilitet og smidighet frå foreldre, trenarar og spelarane. Det har vore trangt om plassen. Dette er forhold som kan gje uheldige ringverknader på sikt.

Styret har i samarbeid med FIL gjennomført kurs i "organisering av fotballklubb" i regi av kretsen.

- Fotballgruppa har:
- Arr.to bryggedansar, to dansegallaer, ribbelotteri, ribbecup, treningscup for aldersbestemt, fjelltur for aldersbestemt.
 - Felles avslutningscup for alle lag i hallen, det var gøy!!
 - Veldig vellykka tur på Stadion (4 fulle bussar, og Brann vann) Dette var i samarbeid med FIL.
 - Har arr. eit aktivitetsleiar kurs og spelarutvikling i samarbeid med FIL, Hausvik og Valestrand/Hjellvik.
 - Kjøpt grunn til kunstgrasbana
 - Søknad om spelmidlar til anlegget i Fugledalen er sendt
 - Fotballgruppa har lagt ned mykje dugnad på Klubbhuset
 - Fotballgruppa har stått for storparten av vedlikehaldet av grasbana og dette har vore eit anleggsområde pga. rehabiliteringa av løpebana og gjort det periodevis problematisk å stella grasbana.
 - Medlemsfest

Dette året kjem me til å få eit overskot på ca. kr. 40000.

Fotballgruppa har hatt stor aktivitet i året som gjekk, sportsleg, arr, og på anleggssida. Dette har berre vore mulig fordi det er mange som gjer ein stor innsats for fotballen. Takk til sponsorar, tillitsvalde, aktive, støtteapparat, dugnadsfolk og andre som tar i eit tak når det trengs.

FRIIDRETTSGRUPPA

Styret for 2003

Terje Simmenes (leiar), Mats Eirik Elvik (nestleiar), Randi Kleppe (kasserar), Irene Myking Stokke (skrivar), Helga Reigstad (økonomisjef), Mariann Nessestrand Mjøs (oppmann jenter/gutar), Bjarte Lohne (oppmann senior), Karl J. Reigstad (1. vara), Helge Olav Rolland (2. vara)

Medlemstal:

Pr 31.12.03 har gruppa om lag 200 medlemmer, 158 stykker representerte Osterøy IL på banestevner i 2003

Sportsleg:

Osterøy tok 5 medaljar i ulike Norgesmeisterskap i år. Gull til Monica Tvedt Sæbø i Stav og Brit-Helen Langeland på 3000m og bronse til Sigrid Sundquist Torp under Innendørs NM. Sølv til Brit-Helen Langeland under NM i halvmaraton og Bronse til Brit-Helen Simmenes under Hovud NM på 10 000m. Helga Reigstad blei kåra til "årets utøvar" med 4. plass i Hovud NM i spyd, og nest beste resultat i landet i spyd i sin comebacksesong. Monica Tvedt Sæbø hadde Norges beste stavresultat for damer i 2003 med 3,31.

Av dei unge og lovande peika Ida Lampe (13) seg ut sprint og Bjørnar Kallekleiv (19) på langdistanse.

Damelaget under Holmenkollstafetten må også nevast for 16. plass og fornya kontrakt i eliteklassen.

Rekrutteringa har vore noe under det ein kan forventa i aldersgruppa under 13 år, noko anleggssituasjonen må ta ansvaret for. I aldersgruppa 13-16 år har situasjonen vore noko betre.

Økonomi:

Lite dugnadsarbeid, bortfall av travvakter og låge automatinntekter har gjort at gruppa har gått med eit underskot på ca 8 000kr. Likevel har mykje dugnad vorte utført på bane og klubbhus. Dette er viktig arbeid, men gir lite inntekter. Det er samla inn omlag 100 000 kroner til bankontoen.

Kommentar:

2003 sesongen har vore ein turbulent sesong. Først av alt kjem sesongen til å bli ståande som ein milepel i Osterøy friidrettens historie gunna vedtaket i kommunestyret om å investera i kunsstoffdekke på Osterøy Stadion. Like fullt har anleggssituasjonen ført til vanskelege forhold for utøvarar og trenarar. Friidrettsgruppa ser derfor med stor glede fram til å trenast og konkurrera på ny bane.